



Kommunal- og regionaldepartement
Postboks 8112 DEP

0032 OSLO

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref</i>
05/953-7	22579/07	000 &00	SEN/SEN/IU	07/2228-1 MOP

KOMMUNELOVA - FORVALTNINGSLOVA - ENDRINGAR - HØYRING

Klepp kommune kan i store trekk slutta seg til dei forslag om er fremja frå departementet om endringar i kommunelova.

Kommunane eig selskap som er store bedrifter og det synest rimeleg at styremedlemmene er inhabile når kommunestyret som eigar behandlar saker som gjeld selskapet. Ein støttar såleis oppheving av det særlege unntaket i forvaltingslova § 6første ledd, bokstav e.

På Jæren har ein delteke i oppretting av Stavanger – regionen Næringsutvikling AS, som nettopp har som eit av sine mål å styrke kommunane i regionen sin innsats i næringsutviklinga i området. For mange av desse 14 kommunane er ordførar den einaste folkevalde på heiltid. Ordførarane vil vera sentrale i dette arbeidet. Me har og i interkommunale verna bedrifter sett nytten av at ordførar kan veljast inn i styret.

Ein vil frårå at det blir gjort avgrensingar i adgangen til å velja ordførarar inn i interkommunale selskap.

Klepp kommune, 05.12.2007

Elfin Lea
ordførar

Ivar Undheim
rådmann